BOKN BYGDABLAD

NR. 7 – SEPTEMBER 1999 - ÅRG. 14

Hjelpa kom fram – s. 6

Ordførarkjede – s. 10



Nye boknarar – s. 12

BOKN KOMMUNE

KOMMUNESTYREVALET 1999 - DIREKTEVAL AV ORDFØRAR

Som dei fleste no er kjende med skal ordføraren for dei neste 4 åra veljast direkte av veljarane, og ikkje som tidlegare av kommunestyret. Direkteval av ordførar er ei prøveordning og forutsett at minst 50% av dei som røyster ved kommunestyrevalet også har røysta ved ordførarvalet. Dersom det er mindre enn 50% som har røysta ved ordførarvalet vil det vera kommunestyret som vel ordførar på vanleg måte. Ein vil presisera at direktevalet bare gjeld for val av ordførar. Varaordførar skal veljast av kommunestyret som tidlegare.

Ein vil gjæra særskilt merksam på følgjende:

- Ordførarvalet skal haldast den 13. september, det vil si samtidig med kommunestyre- og fylkestingsvalet.
- I Bokn kommune er det 3 parti, Arbeiderpartiet, Høgre og Kristeleg Folkeparti som stiller med ordførarkandidat.
- Det er trykt opp ein egen røystesetel der alle ordførarkandidatane er opplista. Denne røystesetelen er rosa.
- Veljar krysser av for den kandidaten ein ynskjer å gi si røyst. Denne røystegivinga er uavhengig av røystegivinga til kommunestyrevalet.

Ordførarrøystesetel som ikkje har avkryssing for ordførarkandidat eller som ikkje har påskreve namn på ordførarkandidat, reknast som blanke røyster, avgitt ved ordførarvalet og tel med når det gjeld prosent for avgitte røyster ved ordførarvalet.
Røystesetelen skal leggast i <u>same konvolutt</u> som røyster til kommunestyre- og fylkestingsvalet.

- Veljaren kan førehandsrøyste i eigen kommune. I Bokn vil dette seie enten til postkontoret i Aksdal eller hos landpostbodet. Dersom ein ynskjer å førehandsrøyste hos landpostbodet må ein på førehand ta kontakt med landpostbodet.

Dersom ein ynskjer å røyste utanfor kommunen, kan dette gjerast på 2 måtar; enten ved at ein har med seg ein rosa røystesetel for ordførarvalet og bruker denne, eller ved å nytte ein blank røystesetel der ein skriv ordførarval i Bokn og namn til den ordførarkandidaten ein vil røyste på.

Spørsmål om ordførarvalet, førehandsrøysting eller valet for øvrig kan rettast til ordførar eller rådmannen.

- valstyret i Bokn -

Kjære lesarar!

Dei stemmeberettiga skal snart avgjera kven som skal styra kommunen dei neste fire åra. Det som er spesielt med dette lokalvalet er som kjent direkte val av ordførar. Det er 20 kommunar i landet som har denne ordninga, og kommunen og ordførarkandidatane har fått ein del omtale i ulike media dei siste månadene. Fleire boknarar er usikre på korleis dei skal gjera ved direkte ordførarval. Derfor har eg over her tatt med ei melding frå valstyret. Skrivet har også kome til alle husstandane tidlegare.

5. og 6. august sjekka Bygdabladet igjen interessa for ordførarvalet blant dei stemmeberettiga. Som det stod i juli-utgåva av bladet ville me spørja ei gruppe etter at folk hadde lese ordførarkandidatane sine eigne presentasjonar i forrige blad.

Lars Morten Kro, som i veke 31 hadde sommarjobb i Bygdabladet, spurde 29 personar på Bokn Handelslag og Alvestadkroken Landhandel, det same antalet som sist.

Denne gongen ville 8 av dei 29 spurde stemma på Svein Ove, 6 på Arne og 4 på Sigurd Johnny. 11 personar svarte veit ikkje.

9 personar trudde Svein Ove blei ordførar, 8 trudde på Arne og 3 på Sigurd Johnny. Her svarte 9 stk. veit ikkje.

Eg må igjen presisera at Bygdabladet berre vil vera med og skapa interesse for valdagen på mandag, og at dette ikkje er nokon gallup. Spennande blir det, og om tendensane i desse nøytrale temperaturmålingane er reelle, vil snart visa seg.

- redaktøren -

OM BYGDEBOKARBEIDET!

av Birger Lindanger

Som dei fleste vel har sett, har manuskriptet til slektsdelen av bygdeboka lege framme på Bokn Handelslag, Biblioteket, kommuneresepsjonen, i forretningen i Alvestad-kroken og i forretningen på Austre Bokn. Me visste vel at manuskriptet ikkje var fullkome, særleg når det galdt den nyaste delen der me er avhengige av kva folk hugsar. Ved å leggja det fram slik, kunne kvar sjekka att alle i familien var med, at namna var rett skrive, at årstala stemde osb.

Det som blei lagt fram, visste me altså i utgangspunktet ikkje var fullkome. Men ved å leggja det ut, kunna alle vera med og kvalitetssikra bygdebøkene. Det må likevel leggjast til at mellom anna datamaskinen lurte oss litt. I staden for å skriva "dette bruket" fullt ut, forkorta me det i staden til "d.br.". Då me så ba maskinen skriva "d." fullt ut, skreiv han i staden mange stader "død" i staden for "dette". Eg forstår at mange som på alle vis er spreke og raske, følte seg støytte over dette. Men dette er altså forklaringa.

Mange har t.d. òg klaga over at dei ikkje har funne familiane sine i manuskriptet. Men har familien budd fleire stader – eller har skyldelte underbruk – blir han bare nemnt ein stad med tilvising frå dei andre staden. I farten kan det då fort sjå ut til at ein ikkje er teken med.

Bygdeboknemnda har også friviljug gjort ein kjempejobb. Er noko likevel ikkje teke med eller retta opp av det som ho har gått gjennom, kan det vera forfattaren sin feil som har lete nokre uretta manus sleppa gjennom. Dette er likevel ikkje noko stort problem, hovudsaka er at rettingane kjem med i den ferdige boka.

På den andre sida finst det også familiar – særleg unge – som har falle ut. Men me jobbar for å få dei med. Me vil utover hausten gå gjennom heile manuskriptet på nytt og sidan alliera oss med folk kring på gardane slik at me på alle vis sikrar oss at opplysningane stemmer. Så vil eg takka for samarbeidet så langt, og håpar på velvilje og samarbeid også vidare framover. Ein særskilt takk vil

Servicetorget pr. 03.09.99, her representert med Liv Trosnavåg, tv., og Gro Sørensen: mykje er på plass, men framleis gjenstår forbetringar i forhold til lys, varme og akustikk.

ELDREÅRET 1999

ALDRI FOR GAMMAL TIL Å FLYTTA

- sørlegare breddegrader neste stopp -

Tekst og foto: Reidar Alvestad

AN ENGLISHMAN IN BOKN

Eg blir hjarteleg godt motteken av Keith Foster når eg ein ettermiddag dukkar opp utanfor campingvogna som han i vår flytta inn i. Den vesle hunden av rasen Papillon bjeffar iltert mot meg, men Keith roar han ned, og han legg seg roleg til rette i korga si. Merkeleg nok lyder hunden namnet "Tiger"!
Keith har tatt seg ein pause frå arbeidet han driv på

Keith og "Tiger" utanfor "residensen".

med. Og arbeidet er oppussing av ein folkevognbuss som er innreda med minikjøkken, benk og bord. Han kan altså bu i bilen. Men nå var han så rusta at han har full oppussing og lakkering på han.

Sjølv må eg seia at eg er imponert over denne pensjonisten som ser ut som han er i 60-års alderen, men som eigentleg blir 68.
Han kom til Bokn på vårparten i 1994. Då hadde han alt budd 22 år i Norge, det meste på Karmøy. Her hadde han først vore med på rekefiske, og etterpå i lang tid drive eit firma innan maritime område, og gjort det ganske bra. Den eigentlege grunnen til at han kom til Norge, var at han hadde kjøpt ein båt som han og kona skulle dra til Middelhavet med. Men desse planane vart endra.
Tidlegare hadde han budd i England, og hadde arbeidd innan ulike område som mellom anna å driva urmakarbutikk, seljar og reparatør. Keith likar å læra nye ting, og difor prøvde han seg på forskjellig. I ein 3 års periode i ungdommen var han i Hong Kong.
Men det går opp og ned her i verda, og slik også her. Då Keith kom til Bokn, hadde han for lengst avslutta firmaet på Karmøy, og var nå på utkikk etter nytt arbeid. Han meinte det skulle vera muleg å få seg noko på Kårstø, men det var lettare sagt enn gjort.
Når Keith snakkar, brukar han mange engelske ord og uttrykk i tillegg til engelsk setningsbygnad. Han har ikkje gått på noko norskkurs, sjølv om han har drive eit norsk firma i 17 år. Men det går ganske greit å få med seg det han seier, og kan du litt engelsk skjønar du alt.

VANSKELEG ARBEIDSMARKNAD

Keith var passert 62 år då han kom til Bokn, og var ute etter jobb. Han prøvde mange stader, og fekk nokre småjobbar. Men noko meir varig var det umuleg for han å få i sin alder. Sjølv synes han det var merkeleg, fordi han på den tida var nokså frisk og sprek. Det verka som om alderen i seg sjølv skremde arbeidsgjevarane. "Det syntes som om folk meinte eg hadde ein fot i grava i min alder", spøker han.
Etter kvart vart det saman med trygda akkurat så mykje arbeid at han kunne greia seg. Men han hadde gode kjenningar slik at han fekk hogga ved, og med sparsommeleg levemåte gjekk det greit.

MANGLAR I TRYGDESYSTEMET

Keith passerte i fjor haust 67 år, og dette gjer at han ved alderspensjon frå Norge og England nesten er oppe i ein vanleg norsk minstepensjon. Han er overraska over at pensjonen frå England ikkje vart høgare enn han blei, sidan han har vore ute i arbeidslivet frå han var 14 år. Reglane er nemleg slik i den norske folketrygda, at dersom ein ikkje har full opptenings/butid i Norge, vil ein ikkje få full minstepensjon her. Denne regelen er det som gjer at mange eldre personar frå andre land, ofte flyktningar som ikkje har gode trygdesystem i heimlandet, ikkje oppnår minstepensjon i Norge. Desse personane må då få supplerande hjelp frå sosialkontoret for å ha tilstrekkeleg til livsopphald. Dette er ei sak som styresmaktene er klar over, men ennå ikkje har løyst. Keith var så heldig å koma frå eit land der han få ein del pensjon i tillegg til det han har opparbeidd i Norge. For tida har han ein liten jobb på sida, slik at han har litt meir utkomme.

HOBBYAR OG INTERESSER

Heile livet har Keith hatt ulike hobbyar. I Bokn har han dyrka eksotiske utanlandske planter i drivhus, og selde dei ved å setja dei ved vegen for salg.
Nå er drivhuset selt, men han driv ennå med arbeid i den gamle snekkarverkstaden i Føresvik, kor han m.a. har laga båtshakar i aluminium og andre ting. I tillegg har han gått på datakurs for eldre, og han likar å fiska.

BUSTAD

Dei første åra leigde Keith hus på Dagsland. Seinare i Kyrkjebygda. Når han nå på sommarstid har flytta inn i

ei campingvogn, er det fordi han vil spara seg opp pengar for å kjøpa seg litt nytt utstyr til han skal flytta. Han



"My home is my castle" Campingvogn er greit sommarstid.

har nemleg tenkt å tilbringa dei næraste åra i varmare land

FRAMTIDSPLANAR

Keith har konkrete planar om å forlata Bokn. Han ynskjer å flytta til sydlegare strøk med meir sol og varme. Han har litt leddgikt, og ynskjer av den grunn å vera ein stad om vinteren kor han slepp å bli så stiv og støl. Difor bestemte han seg for å spara seg opp pengar for å kjøpa seg ein slags husbil som han kunne parkera for å bu i eit sydlegare land. Der meiner han at han kunne leva betre og behagelegare for trygda si, samtidig som han får sydens sol og varme og nytt sydlandsk miljø. Men etter kvart som han tenkte på dette, fann han ut at det var for liten plass i bilen til å få med seg alt han hadde av utstyr. Han kom så over ein rimeleg 24 fot Draco seglbåt med for– og akterkabin. Med denne ville han få med seg det meste, og ha god plass til å bu når han kom til syden.
Som tenkt – så gjort. Seglbåten vart innkjøpt, og ligg nå berre og ventar på tur.

Seglbåten blir fin å ha i eit varmare klima.

NYE PLANAR

Tida går fort, også for ein pensjonist. I det siste har Keith hatt så mykje å gjera at tida har blitt knapp. Han innser nå at det blir for seint å ta fatt på seglturen sørover, fordi det kan bli for dårleg ver så pass seint på året nedover Europa. Han vil difor om ei tid leggja båten i opplag, selja campingvogna og kjøra nedover Europa med bilen som han vil bu i denne vinteren. Samstundes vil han då finna ein stad, kanskje i Portugal, kor han seinare kan bu meir permanent i båten sin. Så vil han neste år henta båten på sommarstid og segla sørover.

"AKTIV ALDERDOM"

Kall det kva du vil, men noko "vanleg" liv som pensjonist er det ikkje Keith har tenkt å føra.
Elles er han nok som mange av oss andre. Han har tre vaksne søner, ein bur sør i Rogaland, dei andre i England. Men som han seier: "Dei greier seg alle godt". Han kan ikkje forestilla seg å reisa tilbake til England. Sjølv om Keith har lika seg svært godt i Bokn, er det ikkje å stikka under ein stol at kulturforskjellane er store mellom England og Norge, dei sosiale omgangsformene ulike.

Mange av oss tenkjer, og seier av og til – at me vil oppleva "noko meir" i livet. Nokre av oss set draumane ut i livet. Av og til kan ein lesa historier om folk som sel hus, bil og alt dei eig, og dreg avgarde på jordomsegling med familien.
Av og til er det folk som er litt opp i åra som bur i eit sørlegare land på vinterstid for å oppleva eit varmt klima, ein annan kultur og miljø, for så å bu i Norge om sommaren.

Keith er ein pensjonist som vil flytta til eit varmare land. Han trur også at han vil oppleva eit "varmare" nærmiljø, sjølv om han framhevar at åra på Bokn har vore fine, og at han har blitt godt motteken her. Hadde han hatt rikeleg med pengar, kunne han tenkt seg å budd i Norge om sommaren, og i Syden om vinteren.
Det er vel kanskje nokre pensjonistar her som kunne tenkt seg å gjera det same.
Keith føler seg fri og frank, og seier han vil oppleva noko nytt. Han klagar ikkje, og gir uttrykk for at han har hatt eit godt liv fram til nå.

Keith Foster er også ein av "dei eldre". Dei er like mykje individualistar som oss andre, og mange finn ut at det er nå dei kan gjera ting som dei har hatt lyst til i alle år.
Tida vil visa om Keiths planar blir realiserte.

God tur!

"Blåbussen" som hjelpesendinga blei frakta i, blei seinare gitt til menigheta i Poljana.

Hjelpa kom fram

Tekst & Foto: Eli Kro



Her ser me ei av dei mange rastepausane me hadde på turen. Me levde ganske primitivt!

Fredag 18. juni, då alle skuleelevane var køyrde vel heim og eg hadde sagt "God sommar" til alle, starta turen på veg austover med hjelpesendinga til Ukraina. Initiativtakarane Øyvind Øvrebø og Helge Nupen frå Karmøy har i fleire år køyrt hjelpesendingar til Ukraina, og har oppretta eit fint vennskap i menigheten i Poljana.

I fjor inviterte dei med seg 20 ungdommar frå Karmøy, og arrangerte sommarleir i Poljana. Dette året var me 33 stk., der 25 var ungdommar, som var med på turen, og det blei arrangert sommarleir i år også. Etter at me hadde overnatta i Mjøndalen og kjørt gjennom Sverige, kom til Karlskrona der me tok nattferja til Gdynia. Etter to timar på grensa, gjekk turen vidare gjennom Polen til Katowice, kor me overnatta.

Tidleg mandags morgon kjørte me gjennom Slovakia til Ukraina. Der venta me i fire timar ved grensa, og temperaturen var over 30°C i skuggen , og i tillegg måtte me for det meste sitje i bussen.

Menigheitshuset i Poljana. Hjelpesendinga er komen trygt

Trøytte, varme og sveitte kom me endeleg fram til Poljana mandags kveld kl. 23.00. Me blei ønsket varmt velkommen, og i menighetshuset stod maten på bordet.

Tysdag starta sommarleiren, og då skulle me på fjelltur. Me skulle sitte, eller stå, i lasteplanen på to gamle militærbilar. Vegen var bratt, og veldig ujevn. Fleire plassar var det bekkar som hadde skylt vekk vegen, og på toppen var der ikkje veg i det heile tatt. Turen varte ca. 1,5 time kvar veg. Ein sann opplevelse, som nesten alle som var med på turen gledeleg hadde tatt om igjen hadde dei fått sjansen. Onsdag var det idrettsdag, med mange forskjellige aktivitetar. Mottoet var ikkje å vinna, men å delta. Me hadde det veldig kjekt, og sjølv om det var litt i varmaste laget så blei det ein vellukka dag.

Norske ungdommer klare for ein fantastisk fjelltur.



Her ser me Poljana. Ein vakker by med om lag 13 000 innbyggjarar .

Torsdag kom dagen då me skulle få besøka barneheimen. Me hadde gleda oss veldig mykje til denne dagen, og me hadde store forventningar på korleis ungane ville ta imot oss. Då me kom fram kunne bestyrerinna fortelje oss at ungane hadde stått opp klokka seks om morgonen for å venta ved gjerdet i fire timar på at me skulle koma. Og då me kom kunne me berre høyra dei jublande stemmene som



Vakker song frå ungane på barneheimen i Poljana.

På bildet av barnekoret såg du kanskje at samtlige av ungane hadde skyggelue på seg. Dei var ein av dei tinga me delte ut til ungane. I tillegg delte me ut snop og appelsiner, noko som dei fattige ungane syns var storarta. Når me såg dei takknemlig og glade augene til ungane smelta me totalt, og eg som er så glad i ungar hadde to – tre rundt meg heile veien. Når folk som oss kom til dei med smågåver og slikt, var det akkurat som julaften for dei. Dei er ikkje vant med å

Ungane hadde stort behov for nærkontakt.

få noko. Dei opplever dette ein, kanskje to gonger i året, så dei er i-allfall ikkje bort-skjemde! Mykje av kleda ungane gjekk i var i frå Norge, men mykje var utslitt og "bås" som me seier i Bokn. Behovet for klede var vel-



Denne vesle guten treng nye sko. Kanskje får han eit par frå Bokn?

dig stort.

Fredag var me på utflukt til byen Svaljava. Her gjekk me på marknad og kjøpte oss suvenirer, men utanom dette var det lite å sjå eller høyra.

Laurdags morgon forlot me Poljana og køyrde vidare til L' vov, kor me besøkte eit ungdomsfengsel. Her sona ungdommar frå 14 – 18 år. Dei yngste gjekk på skule i feng-selet, mens dei eldste måtte arbeide om lag åtte timar kvar dag.



Ei katolsk kyrkje i Svaljava.

Det var strenge reglar i fengselet. Til dømes fekk fangane berre lov til å få besøk av familien ein gong kvar tredje måned. Dette er ein av grunnane til at fangane ikkje hadde så mykje kontakt med foreldre og familie.

Fengselscellene var veldig små. Kvar celle hadde fire køyesenger, to på kvar longvegg, og ein smal gang imellom. Her sov åtte fangar. Men i all denne grusomheten var der ein liten mulighet for at du kunne velte deg i luksus. Viss du var flink til å smiske med fangevoktarane, og fekk eit rykte på deg at du var snill, kunne du og ni andre fangar bli velde som "Dei 10 snillaste fangane!". Dei ti fekk eit eige rom for seg sjølv, som var like stort som åtte vanlege celler og rom for 64 fangar. Dei blei også tatt bilete av, og hengt opp i hovudgangen, sånn at alle kunne sjå at dei var nokre snille fangar. Me fekk ikkje lov til å besøke alle fangane, men dei me fekk besøke ga me appelsiner og snop til. Søndag var me turister i byen L' vov. Her Her er det man-



Ungdommane me fekk besøke i fengselet.

gen fine bygningar, og me var inne i eit par katolske kyrkjer som var fint utsmykka med masse flott kunst. Søndag var

den offisielle fridagen til Ukraina. Sånn som i mange andre byar, vrimla det med folk i gatene, og skapte eit stemningsfullt folkeliv.



Søndag i L' vov. Her bur det omlag 950 000 innbygjarar. I bakrunnen ser du dei flotte bygningane byen hadde.

Vårt oppdrag var utført. Mandags morgen vendte me nasen heimover. Me hadde foran oss busskøyring i intens varme i tre dagar. Og me hadde ein ekstra dag til å feriere i Krokow i Polen, der me for det meste handla suvenirar og presangar til dei heime i Noreg. Då me var vel heime i Noreg, hadde me lagt bak oss ufattelige 5500 km med busseksos. Opplevelsane har vore mange og sterke, og me har hatt ein kjempetur, som har gått over alle håp og forventningar. Dette er ein tur som har gitt sorg og smerte, men også glede og begeistringar. Ein uforglemmelig tur som eg unnar alle som vil å vere med på.

Til slutt vil eg igjen takka alle som var med og støtta innsamlinga med gaver og andre ting. Dere har gjort ein kjempefin innsats, og gjort mange fattige barn i Ukraina glade over å få nye klede på sin lille kropp.

Tusen hjarteleg takk, alle i saman!

Nå er høsten her
og høsten er en liten gul mann
som kommer ut av skogen
med kofferten sin og plukker lauvet ned av
trærne og tar med seg blomsterstilkene og mange
av fuglene, og så maler han himmelen
grå og mørk, og lager triste søledammer i veiene.

Arild Nyquist



SJÅ OPP FOR ORM!

av Reidar Alvestad

Ein bonde ute på øya på Vestre Bokn fortalde meg nyleg ei artig historeie om ei uvanleg hending i sommar.
Han var i fjosen og såg ein varebil som stoppa på vegen.
Føraren hoppa i full fart ut av bilen. Han hadde oppdaga ein orm, sannsynlegvis ein hoggorm, oppe i eit hasseltre på sida av vegen. I nokre byks bort til treet, tok han ormen som hang omtrent eit par meter opp i treet. Med eit tak i halen på ormen, opna sjåføren døra på sida av førarsetet og heiv han inn i bilen. Så sprang han rundt bilen, inn i førarsetet og kjørte vidare!

Så kan du spørja: Korleis våga mannen å kjøra med ormen som sidepassasjer?
Kva skulle han med ein hoggorm?

Dette har me ingen svar på, og hoggormen er freda.

Eg kjenner bonden godt, og garanterar at historia er sann.



KLAR i SEPTEMBER



Tekst & foto: Lars Morten Kro



Hans Erik Lunberg peikar: Her skal rundkøyringa vere.

Pr. i dag, 6. august, kan ein sjå små, smale og humpete grusvegar, og opne kummar. Entrepenør Ernst Grindheim & co. er til stades med gravemaskinar, lastebilar, samt boregeit og sprengningsutstyr. Det seier BANG både titt og ofte, men ingen har til nå kome til skade under smella. Folk som skal til byggefeltet vest for fotballbanen, må køyre over banen for å kome der, noko som sikkert irriterer beboarane kraftig.

Men veit alle nøyaktig korleis vegen kjem til å bli? Veit til dømes alle at det vil bli ein tofeltsveg med rundkøyring ved Boknatun? Og for dei som fortsatt er redde for at fotballbanen vil bli mindre, så ta det heilt med ro! Banen vil ikkje bli rørt. I staden for vil dei bygge ein høg mur der som "grastribunen" er i dag, som i følge Hans Erik Lundberg vil bli ganske flott å sjå fotballkampar frå. Men då vil vel folk sitte i vegen for bilane? Nei! For etter planen skal det gå ein stor og fin sykkel & gangsti på venstre side av vegen. Han skal gå ned til bussholdeplassen ved rundkøyringa. Derfrå går det ein ny liten veg opp til skulen og den nye barnehagen. Så det kjem til å bli ein sikrare og tryggare skuleveg for alle i saman.



Borer med boregeita. Her skal det sprengast!



Her skal vegen gå, men fotballbanen vil ikkje bli rørt.



Her skal den nye barnehagen koma. Bygget på 390 kvadrat-meter. vil ha tre fløyer og sjå ut som ei pil. Kvar av sidefløyaneer eigne avdelingar; ein for 0-3 år, og ein 3-6 år. I midten blir fellesareal for avdelingane samt administrasjonen. Det blir sjølvsagt gjerde og beplantning mot vegen, og barnehagen vil få mindre trafikk enn ved Kyrkjebygd skule i dag, der barnehagen grensar mot eit kryss med vegar på to sider.

Og den planlagte rundkøyringa skal få eit aldri så lite monument til minne om Europipe II. Det skal vere eit røyr med ein liten steinhaug under. Dette skal vere ferdig seinast fyrste september, og avdukast den andre september kl. 14.00. Etter avdukinga vil Statoil invitere til fest. Kven som blir inviterte er uklart i skrivande stund.

Det har vore mykje snakk om denne vegen. Kor han skulle gå, og kven som måtte bli berørt. Det blir uansett nokon som ikkje blir fornøgde. Vegen vil i alle fall vere ferdig i løpet av september.

BOKN KOMMUNE FEKK ORDFØRARKJEDE AV STATOIL

Tekst & foto: Reidar Alvestad

I samband med at Statoil den 2. september markerte sluttføringa av legginga av landrøyret i Norge for Europipe II, overrekte prosjektdirektør Roar Jensen eit praktfullt ordførarkjede til Bokn kommune. Overrekkinga skjedde på Allrommet kor det foregjekk ei markering av sluttføringa av arbeidet. Det var naturlegvis ordførar Sigrunn Hole Hosaas som fekk overrekt ordførarkjedet ved at prosjektdirektør Roar Jensen plasserte det slik eit kjede skal vera på ordføraren.

Fv. prosjektdirektør Roar Jensen, finsmed Jon Rysstad og ordførar Sigrunn Hole Hosaas med ordførarkjede.

Kjedet er laga av i Jærsmia av Jon Rysstad, og var praktfullt. Det er m.a. brukt materialer som gull, sølv og stål, og mange symbol frå Bokn kjem fram. Boknabåten, kusymra, det såkalla boknamønstret frå rogalandsbunaden, symbol frå landbruk og fiske og nyare næringar, og ikkje minst gullspenna frå Nedrebø, som har fått ein framtredande plass framme på kjedet. I gull og sølvarbeidet er det filigramteknikk som er nytta.

Kjedet skal oppbevarast i ei kasse laga av gamalt eiketre som er funnen i ei myr på Bokn.

Ved overrekkinga og takketalen som ordføraren heldt, vart det gode samarbeidet mellom kommunen og Statoil under Europipe-prosjektet understreka, men det vart også gitt uttrykk for at ein gleda seg over at prosjektet nå var over.

Bygdabladet vil seinare koma tilbake med ein fyldigare presentasjon av ordførarkjedet.

Før denne overrekkinga, hadde det skjedd ei anna markering av at Statoil om kort tid opnar for gasstransport i røyret som går til Tyskland.

I midten av rundkøyringa for den nye tilførslevegen til Boknatun, avduka ordføraren i Bokn eit monument som er eit lite kutt av eit gasstransportrøyr. Det kan symbolisera at også Bokn er blitt ein såkalla gasskommune.





I samband med den nye vegen til Boknatun er det sett opp ein svær mur heilt inn til løpebanen. På det høgaste er denne over tre meter høg, og som med det meste er meiningane mange om denne muren. Det er ingenting som tyder på at løpebanen er øydelagt, men den som spring i ytterste bane vil kanskje føla seg inneklemt. Pr. i dag er ikkje behovet for skikkeleg løpebane så stort, men det har vel samanheng med at banen må rehabiliterast.

På oppsida, på gang– og sykkelstien ved sida av den nye vegen, blir det høve til å sjå fotballkampar, med flott utsikt.

Det blir snakka om å dekorera muren, kanskje av skuleelevar i samarbeid med ein kunstnar. Tida vil visa kva som skjer.

NYTT FRÅ DRIFTSSTYRET

SAKER DEN 19.08.99

GODKJENNING AV HANDLINGSPLAN FOR HELSESEKSJONEN

Rådmannen hadde lagt fram fylgjande framlegg til vedtak :

1. Handlingsplanen for Helseseksjonen vert godkjent, og investeringsbehov/auka driftsbehov vert innarbeidd i kommunens økonomiplan.

2. Det bygges i år 2000 9 omsorgsbustader i nær tilknytning til sjukestova. Desse bustadene vert tilrettelagt slik at dei kan nyttast i ein utvida sjukeheimsfunksjon. Ein av bustadene skal nyttast til avlastning for funksjonshemma personar.

3. Sjukestova vert etter ferdigstilling av nye omsorgsbustader nytta som skjerma avdeling for aldersdemente og til særs pleietrengjande/døande pasientar.

4. Det vert i samband med utbygging av omsorgsbustader bygd dagavdeling eller eldresenter. Dette må tilretteleggjast slik at det og kan nyttast som fellesareal/ treffpunkt for dei eldre og andre pasientgrupper, t.d. psykiatri.

5. Kontor og grupperom/samtalerom for psykiatrisk sjukepleiar må løysast i denne samanhengen. I samband med denne utbygginga eller utbygginga av skulen må det koma ei kombinasjonsløysing for garasje for sjukebilen og lokale til vaktmeistrane.

6. Formannskapet er styringsgruppe for utbygginga. Det vert nedsett eit arbeidsutval/plannemd bestående av to politikarar, økonomisjef, avdelingsingeniør teknisk og seksjonssjef helse.
Følgjande politikarar vert med i arbeidsgruppa:

7. Styringsgruppa får fullmakt til å disponera areala kommunen eig rundt Boknatun til formålet, og engasjera arkitekt for prosjektet. Kostnad kr.80.000 vert finansiert av disp.fond 2.5601.000 og overført til 0.382.413 – Eldrebustader/servicebustader.

Eldrerådet sitt vedtak i møte den 9.august (samrøystes):

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart vedtatt med desse merknadene:

- Eldrerådet stiller spørsmål om det er forsvarleg at det ikkje fins aggregat i tilknyting til sjukestova/ omsorgsbustader i tilfelle lengre straumbrot.

- Eldrerådet stiller spørsmål om overføring av reingjeringsoppgåver til reingjeringsbyrå vil bli uheldig. Ein tenkjer særleg på den sosiale sida av heimehjelpstenesta som kanskje vil forsvinna.

- Omsorgsbustadene må knytast opp til sjukestova/ Boknatun slik at m.a. rullestolbrukarar enkelt kan koma til og frå.

Driftsstyret sitt vedtak (samrøystes):

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart vedtatt med denne endringa av 1. setning i punkt 2:

- Det vert bygd 9 omsorgsbustader i nær tilknyting til sjukestova med oppstart i år 2000.

Saka er behandla i formannskapet, og skal vidare til kommunestyret.

SAMARBEIDSAVTALE OM PROSJEKT FOR BARNEVERNSAMARBEID MELLOM SVEIO, BOKN, VINDAFJORD, ØLEN, ETNE OG TYSVÆR KOMMUNAR

Driftsstyret gjorde slikt samrøystes tilråding vedtak:

Bokn kommunestyre går inn for at prosjektet for barnevernsamarbeid mellom kommunane Sveio, Bokn, Vindafjord, Ølen, Etne og Tysvær (BAS), kjem i gong frå 01.01.2000 til og med 31.12.2002 slik det er framlagd i den vedlagde samarbeidsavtalen.

Kostnadene for Bokn kommune vert innarbeidd i budsjettet for åra 2000, 2001 og 2002.

Saka skal behandlast i kommunestyret, og dreier seg om eit samarbeid mellom ovannemnde kommuar innan barnevern, kor dei einskilde kommunane si barneverntenesta skal kunna få hjelp, opplæring og rettleiing, i tillegg til kjøp av tenester frå fagperson.

BUDSJETTKONTROLL JUNI 1999 ALLE SEKSJONAR

Driftsstyret gjorde fylgjande samrøystes vedtak:

Driftsstyret søkjer om at seksjonane får fylgjande tilleggsløyvingar utanom vedtatt budsjett:

Seksjon skule får tilført ei tilleggsløyving på kr. 200.000,- primært til dekning av lønsutgifter.

Seksjon helse får tilført tilleggsløyving på kr. 120.000,- til dekning av lønsutgifter.

Seksjon kultur må dekka eit anslått beløp på kr. 39.000,- av eige budsjett.

Seksjon teknisk får tilført ei tilleggsløyving på kr 80.000,- til dekning av lønsutgifter.

Budsjettoversikta som seksjonane la fram, viste situasjonen pr. 30.06.99, og framskriving ut året. Det viste seg at dei fleste seksjonane hadde behov for tilleggsløyving.

Saka skal vidare til behandling i formannskap og kommunestyre.

Her på Boknabergsvatnet blei fisken sett ut tirsdag den tredje august.

NY AURE I REINT VATN!

Tekst & foto: Lars Morten Kro

Denne fisken fekk følge med ca. 3200 slektningar av same slaget!

Det har vore mykje snakk om Boknabergsvatnet, om at all fisken var død av det altfor grumsete vatnet. Men slik var det eigentleg ikkje. Det er enno ein del fisk att. Og den tredje august blei det enno meir. Då blei det sett ut ca. 3200 fiskar i det klare vatnet. Mange trudde at vatnet kom til å vere grumsete i lang tid framover, men det blei det ikkje. Grumset har lagt seg, og det er blitt reint og fint som før. Fisken som blei sett ut var små aure som var 6-7 cm lange. Statoil har betalt dei store utgiftene til dette prosjektet.

Det begynte med at Boknabergsvatnet var blitt så grumsete. Mange var redde for at fisken ville døy ut. Statoil tok til å sjekke ut korleis forholda var i det grumsete vatnet. Dei fann ut at det var svært lite fisk i det. Då bestemte dei seg for å ale opp nye fiskar. Dei fanga mora og faren frå eit anna vatn, og frakta dei ned til Sandnes. Der blei rognet klekka, og steg for steg blei yngelen større.

Det var svært folksamt då fisken, som var blitt frakta til Bokn i store kar, kom. Nyhetsreportarar og fotografar frå fleire konkurrerande media, stilte opp med både kamera, penn og papir. Til og med TV-Haugaland hadde funne vegen til Bokn. Etter ei stund med knipsing, filming, og intervjuing frå dei "store", blei det endeleg min tur til å vere med i båten som sette ut fisken. Mange trur kanskje at dei berre slapp ut alle fiskane på ein plass, men det gjorde dei ikkje. For at flest mulig fisk skulle overleva, slapp dei ut nokre få om gongen, mens dei rodde langs land. Dei sa at auren er ein stadbunden fisk som likar seg der det er mykje næring, som regel inn med land. Dei brukte to små robåtar. I kvar båt var det ein som rodde, ein som sette ut fisken, og av og til ein fotograf. Dei hadde fiskane i nokre store svarte stampar. Oppi dei var det plass til ca.400 fiskar, så det tok ei stund før all fisken var godt bevart i det varme vatnet. For å sette ut fisken trong dei fleire folk enn det dei hadde, så friske pust frå lokalbefolkninga var på plass med ein gong for å vere med. Den ivrigaste av dei alle var Andrej Dobrev, som var ute i den eine båten i over ein time for å sette ut fisk, noko som sjefane og media ikkje hadde noko i mot.



Å berre sleppe ut ti fiskar om gongen tok tid.

Men det er ikkje slutt med dette. Statoil har tenkt å fortsette enno litt med å forbedre Boknabergsvatnet. Dei skal forbedre ein bekk nord i vatnet, for at fisken lettare kan kunne gyte. Bekken som no er fylt med vegetasjon skal rensast heilt, og få ny grusbunn. Dette vil dei gjere fordi auren gyter best på grus.

Så alt i alt har Boknabergsvatnet ei lys framtid i møte. Meir fisk, bedre gyteforhold, og eit friskt, næringsrikt vatn. Nå får me berre venta å sjå kva som skjer.

Her er Jostein Nordland (t.h) og Andrej Dobrev i full gang med å sette ut auren som ikkje forstår at den er i ferd med å bli ein ekta boknar!



Her ser me eit av dei to kara fiskane blei frakta til Bokn med.

TUR TIL BORGØY

Tekst & foto: Reidar Alvestad

UT PÅ TUR – ALDRI SUR

Frisk nordavind la ingen dempar på humøret for dei 36 glade dagsturistane som litt før klokka 10 onsdag den 11.august møtte reiseklare på kaien i Føresvik for å gå om bord i "Røgvær". Båten med det kjende namnet frå ei tid Bokn ikkje var landfast, skulle ta oss med til Borgøy, ein stad som mange ikkje hadde vore før.

Ein del av turdeltakarane i den bakre salongen på "Røgvær"



Notbøteriet i Hattarvågen med "Røgvær ved kaien.

Bakgrunnen for turen var at eldreårskomiteen, denne gongen i samarbeid med pensjonistforeninga, hadde lagt opp til ein tur som alle interesserte kunne ta del i. Majoriteten av turdeltakarane var likevel pensjonistar, men også yngre folk ville oppleva Borgøy, og me hadde både forrige og nåverande ordførar med på laget. Formannen i pensjonistforeninga, Kjell Kro, helsa velkommen gjennom høgtalaren, og fortalde om dagens program.

FISKARTRADISJON

Ein del av dei som var med, kjende godt til Borgøy frå tida dei hadde vore fiskarar. Borgøy har, på lik linje med Bokn, hatt ein rik fiskartradisjon, og fiskarane på Bokn kjenner godt til både fiskebåtar og mannskap frå denne øya. Nå fins ikkje det tradisjonsrike fisket slik det fungerte i åra etter krigen, og mykje av reiskapar, not-tørker, gamle sjøhus og båtar er borte. Men ein del står att – mellom anna låg det rester av ei størjenot ved kaien der me la til.

MATEN ER VIKTIG

"Fisk er fisk, og kjøt er mat" seier ei herme. Ikkje alle er samde i dette, og Notbøteriet hadde også fine fiskerettar på menyen. Men vår rett denne dagen var gode heimelaga karbonader med karamellpudding til dessert. Ingen klaga på maten, og dei fleste gløymde visst solformørkinga under måltidet. Ikkje merka me at det blei mørkt heller.

BORGØY

Innnehavaren av Notbøteriet fortalde før middagen litt om øya og Notbøteriet. I dag har Borgøy berre 17 innbyggjarar. Notbøteriet er eit eldre sjøhus som ligg idyllisk til i Hattarvågen, og er for nokre år sidan utbygd og modernisert. Det minner litt om Sjøhuset i Alvestadkroken, men har noko mindre plass. Staden er etter kvart blitt kjend som eit fint utfluktsmål. I fjor serverte dei 1.300 komler, og ennå fleire i år.

Verten, Per Gunnar Hertervig, fortalde at far hans tidlegare hadde fiskebåten "Borgøyfjord", noko som gjenstandar i lokalet og bileta på veggen ber preg av. I det heile eit lunt lokale med preg av tidlegare fiskarmiljø.

Dagfinn og Inga Hellesøy frå Tysvær var kjentfolka våre på turen, og etter middagen orienterte Dagfinn om Borgøy og området rundt. Han fortalde at det i 1950-åra budde 100 menneske på Borgøy. Tidlegare var øya delt mellom dåverande Tysvær og Nedstrand kommune. Tidlegare var det eit steinknuseri på øya, og herifrå vart det mellom anna levert gatestein som ligg i London og Brussel, pluss i ein del norske byar.

Klimaet er mildt og fint, og varmekjære trær som kristtorn og barlind fins i vill tilstand.

Før siste krig vart det funne rester av ein kval 18 meter over havflata på Borgøy. Dette vakte stor oppsikt den gongen.

Med muntre historier frå Dagfinn, og avslutning med allsong, kunne me ta beina fatt for nærare utforsking av øya til fots, for her var ingen bilar.

LARS HERTERVIG

Det Borgøy kanskje er mest kjend for, er at kunstmalaren Lars Hertervig er fødd her. Nokre hundre

Mange gjekk opp til staden kor Lars Hertervig var fødd.

meter opp i terrenget frå Hattarvågen, fins det ei namneplate på ein stein som fortel om at det var her han var fødd.

Elles var det eit mindre utsal av handverksgjenstandar ved ein flott steinbed-hage. Fine gangstiar førte til Østebøvik og andre stader i nærleiken. God skilting gjorde at det var lett å finna fram.

Det er ikkje sikkert alle kjenner Borgøy så godt. Øya er ikkje så stor, 6-7000 mål. Storenuten er eit fjell som berre er 2 meter lågare enn Boknafjellet.
Øya har mange idyllarr med lune stader og lang strandlinje.

EUROPIPE II RØYRET GJENNOM BOKN SLUTTFØRING AV ARBEIDET

av Jan Erik Nygaard

2. september vart det markert at arbeidet med å leggja Europipe II-røyret gjennom Bokn kommune var sluttført, ca. 15 månader etter at arbeidet blei starta opp i juni 1998.

Enno gjenstår noko mindre restaureringsarbeid, og framleis vil riggen i Knarholmen vera i bruk fram mot sommaren år 2000.

Landarbeidet med Europipe II-røyret var nok meir omfattande enn kanskje dei fleste av oss forstod i utgangspunktet. Både i forhold til dei økonomiske rammene for prosjektet og i forhold til tekniske utfordringar for utbyggjar og entreprenørar. Ingen hadde erfaring med å leggja gassrøyr av ein slik dimensjon, og det var eit krav om at landskapet, der røyret vart lagt, skulle tilbakeførast slik det var før arbeidet vart starta opp. I tillegg vart det ei stram tidsramme for prosjektet, ikkje minst på grunn av lang saksbehandlingstid for godkjenning av sjøtraseen over Falkeidfleet. Vergudane syntes heller ikkje å vera på lag med entreprenørane sommaren, hausten og vinteren 1998/99.

Europipe II-traseen har under anleggsperioden vist godt igjen i landskapet, frå austsida av Austre Bokn og heilt fram til Karmsundet. Men allereie no, nokre få veker etter at røyret vart tildekka, er det mange stader vanskeleg å sjå traseen. Arbeidet med tilbakeføring av landskapet slik det var før arbeidet med traseen vart starta, synes å vera i god gjenge.
For Bokn kommune har Europipe II-prosjektet hatt mange positive ringverknader. Økonomisk har Statoil lagt igjen direkte verdiar for omkring 5,5 mill. kroner gjennom mellom anna investeringar i vassverk, vegarbeider, veglys, kloakkleidningar og tilrettelegging i Knarholmen.
Enno viktigare er det kanskje likevel at Bokn kommune gjennom Europipe II-prosjektet er sett på gasskartet. Dette vil kunna gi muligheter for å leggja til rette for etablering av gassbasert industri som kan gi verdiskaping og nye arbeidsplassar i Bokn kommune og regionen.

Arbeidet med Europipe II har gjort det siste året til eit spennande år der svære maskinar og arbeidsfolk har drive på og grove og snudd opp/ned på dyrka mark, beite og utmark, og me har meir enn ein gong lurt på om områda traseen har passert gjennom nokon gong ville bli som før.
Me har forståing for at dei grunneigarar som har vore hardast belasta, periodevis kan ha mista tålmodet når arbeidet ikkje alltid gjekk som forutsett og avtalt.

No når utbygginga er sluttført vil ein frå Bokn kommune si side takka utbyggjar og entreprenørar for eit godt samarbeid, og håpa at alt verkar som det skal den 1. oktober når gassen skal strøyma gjennom det 660 km lange Europipe

MINNEORD

Agnes Bokneberg er død, 83 år gamal.

Ho vart fødd og voks opp på Jøsang hjå foreldra Metta og Andreas Jøsang. Dei var 9 sysken, og Agnes var nr. 3 i rekka.



Agnes med barne-barnet Mari på armen.

Ho gifta seg med Torleif, og vart husmor og bonde på Boknaberg. Agnes dreiv garden åleine medan mannen var på fiske. Strikking og handarbeid var hobbyen hennar.

Ho var omtenksom og familiens knutepunkt. Agnes likte å stella i huset og å laga mat. Ein kunne ikkje gå der i frå før ein hadde fått noko å bita i.

Ho etterlet seg 4 barn; Magne, Kjellfrid, Torunn og Gunnar. Eit femte barn, Gunvor, døydde i 1956 - eit halvt år gamal.
3 barnebarn og 2 oldebarn lever også etter henne.

MINNEORD

Torolf Øvrebø er død, 92 år gamal.

Han vart fødd 29.06.07 på Austre Bokn. Der voks han også opp saman med foreldra Karen og Martin. Barneflokken talde 6 stk., og Torolf var den tredje.

I 1929 gifta han seg med Klara Øvrebø (f. Klepp). Torolf var gardbrukar og fiskar. Han hadde lesing som hobby.

Torolf var lett og omgjengeleg. Med positiv innstilling til livet var han utadvendt og imøtekomande med gode og humørfylte replikkar og glimt i auga. Han var det ein kallar ung til sinns, og likte også godt å få besøk av oldebarna sine. Torolf var relativt frisk opp til høg alder.

Han etterlet seg 3 barn, 9 barnebarn og 22 oldebarn.

HESTEFEST PÅ OGN

To nye løyperekorder under distanserittet 29.august

Tekst: Birger Lindanger
Foto: Lars Morten Kro

På Bokn betyr distanseritt folkefest. Ei folkemengd på kring 300 – det svarar til over 1/3 av befolkningen i kommunen - var søndag samla for å delta i det årlige distanserittet på Ognøy. Arrangør er "Bork" - Bokn ride- og køyreklubb – som med sine 90 medlemmar er mellom dei større organisasjonane på Bokn. Hesteinteressa i kommunen er omfattande – kvar elles er kvar åttande innbyggjar medlem i ein rideklubb? Arrangementet set også store krav til mannskap – kring 25 funksjonærar krevst for å få det heile velberga i hamn. Men det har vore lett å skaffa friviljuge.
Oppgåver det trengst folk til, er t.d. til pulsstasjonane, løypepostane og som løypekontrollørar. Vidare trengst folk til stemnesekretariatet, tilrettevising på parkeringsplassane osb. Og her er servering av alle slag.

Distanseritt er elles ein idrett der omsynet til hesten blir sett i høgsætet.



Nr. 108, Gurine Blikra frå Ølen, fekk 14. plass i lang løype med hesten Isak, på tida 02:33:02

Sidan arrangementet starta for kring ni år siden, har deltakinga auka år for år.
Det same har nivået. Treninga blir stadig grundigare både for ryttar og hest og valet av hest meir kresent i høve til kva som høver for denne typen ritt.
Det starta som ei morosak for heimvende sauebønder frå Hardangervidda og er nå i ferd med å bli ein seriøs idrett med brei oppslutning i distriktet. Aller fyrste distanserittet blei arrangert på Steinsfjellet for kring 20 år sidan.
Og medan det frå fyrst av var halvblandings fjordingar som dominerte, er nå arabarhestane på veg inn. Typisk nok blei langdistanserittet i år nett vunne av ein arabar – rett nok frå Tysvær.
Verdsmestersskapet i fjor gjekk elles av stabelen i ein arabarstat – i Dubai. I ein slik samanheng har nordmannen Reidar Næss hevda seg som ein av dei ti beste i verda.

Distanseritt er elles ein idrett der omsynet til hesten blir sett i høgsætet samstundes som ein måler utholdenhet og kondisjon. I løypa er det sett opp pulsstasjon der det er obligatorisk stopp 10 minutts stopp. Og ein får ikkje gå ut før pulsen er nede på eit akseptabelt nivå. Difor gjeld det at hesten både er skikkeleg trent og blir skikkeleg ridd.
Noko som også er eit særkjenne ved denne idretten, er at alle tek til på like vilkår. I år deltok såleis både bestefar og barnebarn i same løpet. Elles er det rett å seia at dei hesteinteresserte deler seg i to hovudgrupper: mannfolk i alderen 30 – 50 år og jenter frå 10 til 18.
Det må leggjast til at også kommunepolitikarane



På veg ut i løypa.

har vore flinke til å fylgja opp og har mellom anna sett av midlar til ein ridebane på Torland. Det er meininga han skal stå klar til tusenårsrittet neste år.

Trimilsrittet i helga var det tredje av fire slike ritt i "Haugalandscupen". Neste distanseritt blir arrangert på Åkra, søndag 19.september. Rittet søndag 29. september gjekk av stabelen i strålande sol og under elles ideelle forhold, noko som var ein av føresetnadane for rekordane som blei sette. Det tok del 24 ekvipasjar på 3-milsløypa og 17 i 1 ½ mils løypa. Hovudoppslutninga kom naturleg nok frå Haugalandet, men med gjester frå Jæren, Ryfylke og Sunnhordland. Premieoverrekking skjedde ved ordførar Sigrun Hole Hosaas.

